



Fagdirektørane i helseføretaka har bede HOD om ei avklaring på korleis finansiering av RhD-profylakse i veke 28 skal organiserast. Sjå førebels informasjon om rhd-testing på [www.Helsedirektoratet.no](http://www.Helsedirektoratet.no)

For bakgrunnsinformasjon sjå [www.analyseoversikten.no](http://www.analyseoversikten.no) og [www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no), søk på «Føtal RHD-typing – veke 24». Ved spørsmål: Kontakt Avd. for immunologi og transfusjonsmedisin, HUS: [kristin.gjerde.hagen@helse-bergen.no](mailto:kristin.gjerde.hagen@helse-bergen.no), tlf. 55 97 24 70.

## Føtal RHD-typing av gravide

Ny rutine frå 1. september

Av: Hagen, Kristin Gjerde, overlege, Avd for immunologi og transfusjonsmedisin, HUS.

**Når første prøve i svangerskap - veke 12-16, viser at mor har blodtype RhD-negativ, skal ein ta kontrollprøve til føtal RHD-typing i svangerskapsveke 24: Ta 6 ml EDTA-blod, og i tillegg 3 eller 6 ml EDTA-blod til antistoffundersøking.**

Det er viktig at rekvisisjonen blir fylt ut med dato for prøve-taking og termin/ svangerskapsveke, og blir sendt til laboratoriet same dag. Oppgi også kva sjukehus den gravide skal føde på.

Dersom analysen viser at fosteret er RhD-positivt, skal den gravide få tilbod om profylakse, som er injeksjon med anti-D immunglobulin (Rhopylac eller Rhesonativ), i svangerskapsveke 28.

Det er fastlege og jordmor som har ansvar for å administrere profylakse i svangerskapsveke 28 til desse kvinnene.

Kontrollprøve av RhD-negative i veke 32 og 36 utgår dersom den gravide følgjer ny rutine.

### Bakgrunn

Om lag 60% av gravide RhD-negative vil bere eit RhD-positivt foster og vil trenge profylakse i svangerskapsveke 28 og postpartum. Med innføringa av føtal RHD-typing kan ein finne fosteret sin RhD-type i ein blodprøve tatt frå mor. Ved å gi profylakse i svangerskapsveke 28, blir risikoen for immunisering i siste del av svangerskapet redusert.

Anti-D profylaksen gitt i svangerskapsveke 28 kjem i tillegg til profylakse som blir gitt etter fødselen. Navleprøve skal framleis takast ved fødselen.

## Helsekortet for gravide

I det reviderte helsekortet er tabellen for måling av livmora (symfyse-fundus-kurve) endra, basert på nytt materiale frå Folkehelseinstituttet. I tillegg er det sett inn rubrikk for Rhesus antistoff, MRSA, og BMI.

Av: Nina Helene Ingebrigtsen, allmennpraktikar

Helsekortet blei oppdatert i 2015 til dagens faglegestandard etter å ha vore uendra sidan 1984. Endringane i helsekortet har ikkje ført til endringar i gjeldande praksis eller anbefalingar frå 14.12.2015.

Som representant i Perinatalkomiteen ser eg mange helsekort som manglar opplysningar, og at viktige rutinar ikkje blir følgde i svangerskapsomsorga. Vi etterlyser:

- Utrekning av BMI, som igjen kan føre til glucose-belastning av den gravide og tilvising til spesialisthelsetenesta.
- Virusserologi tatt av enkelte grupper og skriv med resultatet lagt ved Helsekortet.
- MRSA-screening av utvalde (for eksempel ved IVF/egg-donasjon i utlandet).

Det er utarbeidd ein rettleiar for utfylling av helsekort for gravide. Vi gjer merksam på at rettleiaren ikkje inneheld alle anbefalingar i retningslina eller indikasjonar for når ulike prøvar ol. skal takast.

Bruk kontinuasjonsarket, som er ei forlenging av helsekortet og har eitt større område for notat, merknadar eller kortfatta fødeplan ved behov. Elektronisk utgåve av helsekort for gravide ligg enno eit stykke fram i tid.

**Oppdatert Helsekort for gravide er tilgjengeleg på [www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)**



## Kartlegging av tilbudet til pasientar med kroniske sår

Av: Harald Hauge, praksiskonsulent

### I september vil fastlegane i Bergen få tilsendt eit spørreskjema om behandling av pasientar med kroniske sår i eigen praksis.

Målet med kartlegginga er å vurdere om pasientar med kroniske sår blir ivaretatt på rett nivå. Ein del pasientar som blir behandla i spesialisthelsetenesta, treng vidare oppfølging og kontroll i primærhelsetenesta eller hos fastlegen. Det er i dag inga samanhengande behandlingsskjede for desse. Det varierer i kva grad fastlegane bidrar i behandlinga, og oppfølginga i kommunane varierer også.

Fastlegeforskrifta legg i dag ikkje opp til oppfølging av pasientar med kroniske sår, og mange legekantar manglar ressursar til tidkrevjande sårskift. Samstundes bruker sjukehusa store ressursar på slike sårskift.

Etter dagens ordning er sårbehandling finansiert slik at pasienten må betale eigendel for materiell hos fastlegen, men slepp eigendel på sjukehusa eller hos kommunal pleie og omsorg.

**Vi ønskjer å betre tilbudet til pasientar med kroniske sår, og skape lik praksis.**



Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom sjukehusa i Helse Bergen, kommunal pleie og omsorg i Bergen kommune, KAD avdelinga, Helseavdelinga i Bergen kommune, og fastlegane. Prosjektet er sett i gang på initiativ frå Hudavdelinga ved HUS og praksiskonsulentane i Bergen. Prosjektet er tildelt 1 million i samhandlingsmiddel. Tilsvarande kartlegging vil bli gjort i sjukehusa, og i pleie- og omsorgsavdelingane i Bergen kommune.

**Vi oppmodar alle fastlegar om å ta del i kartlegginga.**



## AKTUELLE ARRANGEMENT I HAUST

**Korleis bruke dei nye orale antikoagulantane på tryggast mogleg måte?** Dagskurs 7 timar. Arr: Norsk Forening for klinisk farmakologi  
Dato: 18 november kl. 10-16 på Thon Hotell Opera. Påmelding via kurskatalogen på [www.legeforeningen.no](http://www.legeforeningen.no) Kursnr. 31045.

### Samhandlingsseminar

Haraldsplass Diagonale Sykehus ønsker velkommen til ny serie med samhandlingsseminar for legar i primærhelsetenesta  
Dato: Torsdag 29. september 2016, kl. 16.00 – 20.00 på Thon Hotell Rosenkrantz. Påmelding og program , sjå [www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)

### Nytt og nyttig møte

19. oktober kl. 18-21, Store auditorium, 3 etasje, Sentralblokk. Noen tema: Den overfølsomme pasient • Stamcellebehandling ved MS • Intensivbehandling ved RA • Nytt om HPV vaksine og TBE (flått) vaksine • Nytt frå LKB.  
Påmelding til lege Sissel Holmen: [sis-holm@online.no](mailto:sis-holm@online.no)

## Nye radiologiavtalar frå 1. september

Utdrag av rundskriv frå Helse Vest

Unilabs og Curato Røntgen (Curato skifter namn til "Aleris Røntgen" frå 1. oktober), er valde som leverandørar av radiologiske tenester i Helse Vest. Dei nye avtalane trer i kraft 1. september 2016 og har ei årleg ramme på i alt 116 millionar kroner. I Bergen deler dei to leverandørane volumet seg i mellom. Avtalen omfattar CT, MR, røntgen og ultralyd alle stader. Avtalen gjeld ikkje for mamмоgrafi.

Helse Vest oppmodar legar å sjekke ventetider på [www.helsenorge.no/velg-behandlingssted](http://www.helsenorge.no/velg-behandlingssted) når dei tilviser pasientar, slik at ventetida blir kortast mogleg. Her ligg også ventetidene til dei private aktørane. Du finn oversikt over alle røntgen- og laboratorietenester under behandlingstader på [www.helse-vest.no](http://www.helse-vest.no).